



Statens vegvesen

Rune Andre Bergtun

Behandlande eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:
Tone Bøyum / 55516792 17/11759-4 15.06.2017

Løyve på vilkår – Avkjørsle – Gnr. 28 bnr. 10 – Kvalheim – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til søknad om utvida bruk av avkøyrsl frå fv. 409 til frådelt parsell av gnr. 28 bnr. 10 i Radøy kommune.

Kva saka gjeld:

Radøy kommune har gjeve dispensasjon til deling av grunneigedom til bustadføremål på gnr. 28 bnr. 10 i Radøy kommune under føresetnad at Statens vegvesen gjev avkøyrsløyyve.

Vurdering:

Statens vegvesen skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsl frå.

Vi har tidlegare sett krav om flytting av avkøyrsla for å oppfylle siktkrav. Siktkravet er satt ut i frå ei fartsgrense på 80 km/t. Det er no vedtatt fartsreduksjon til 50 km/t på strekninga. Når fartsreduksjonen er gjennomført vert siktkravet endra. Vi meiner difor at når farta på strekninga er skilta ned vert siktkravet oppfylt utan at avkøyrsla vert flytta.

Vi ser at det vil vere ein fordel med breiddeutviding til 5 – 5,5 meter for det smalaste punktet i avkøyrsla. Ein oppnår då eit betre køyremønster inn og ut av avkøyrsla. Vi har likevel ikkje stilt eit absolutt krav til dette. Ta gjerne kontakt med saksbehandlar for rettleiing.

Vi meiner at avkøyrsla for det meste er i samsvar med dei krav vi stiller til utforming, og kan nyttast slik ho ligg. Vi kan likevel ikkje gje eit endeleg løyve før skilta fart faktisk er satt ned. Nedanfor følgjer dei krav vi setter til utforming av avkøyrsla, slik dei går også fram av *Krav til utforming* (vedlagt). Desse er viktig å kjenne til fordi du er pliktig til å sørge for at gjeldande krav til ei kvar tid er oppfylt.

Postadresse
Statens vegvesen
3 Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§43](#) har vi fatta følgjande vedtak:

Det kan påreknast bruksløyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsløve frå fylkesveg 409 til frådelt parsell av gnr. 28 bnr. 10 i Radøy kommune når det er sett opp nye skilt med fartsgrense 50 km/t på strekninga.

Veg / stad: Fv 409 hp 2 km 7,395 / frådelt parsell av gnr. 28 bnr. 10 i Radøy kommune.

Vilkår for løyvet

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

1. Løyvet gjeld for stad nemnd over og i samsvar med situasjonsplan datert 13.06.2017 (vedlagt). I tillegg skal ein følgje *Krav til utforming av avkøyrsløve* (vedlagt).
2. Løyvet gjeld bustadføre mål for frådelt parsell av gnr. 28 bnr. 10 i Radøy kommune.
3. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsla skal vere minimum 45 meter til kvar side av køyrebanen. Eventuelle planter og liknande i frisiktsona skal ikkje vere høgare enn 0,5 meter (sjå *Krav til utforming av avkøyrsløve*).
4. Svingradius skal vere 4 meter (diameter 8 meter). Svingradius skal markerast tydeleg med til dømes betongkant, grøft eller annan avvisande kant mot sideterrenget. Det smalaste punktet i avkøyrsla bør vere 5 – 5,5 meter.
5. Stigningskravet må haldast (sjå krav til utforming). Vi vil her gjere spesielt merksam på at avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 meterane.
6. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til riks-/fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrsløve, frisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
7. Dersom avkøyrsla går over ei vegggrøft, må det leggjast eit røyr. Røyrret må vere tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna. Sjå *Krav til utforming av avkøyrsløve*.
8. Så snart avkøyrsla er ferdig opparbeidd etter at det er skilta fartsgrense 50 km/t, må du ta kontakt med Statens vegvesen, som eventuelt vil godkjenne avkøyrsløve og gje bruksløyve.
9. Arbeidet må vere starta opp innan tre – 3 – år etter at løyvet er gitt, viss ikkje fell løyvet bort.

Eigaren eller brukaren av avkøyrsele har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrsele* til ei kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til friskt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Statens vegvesen trekkje tilbake løyvet.

Vi gjer merksam på at arbeid med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/gravemelding/gravetillatelse>

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[klage på forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest Askedalen 4, 6863 Leikanger / firmapost-vest@vegvesen.no, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning Bergen

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER


Vedlegg

Situasjonsplan datert 13.06.2017
Krav til utforming av avkøyrsele


KRAV TIL UTFORMING AV AVKØYRSLE utan gs-veg

PLANSKISSE AV AVKØYRSLE


Revidert
02/2017




LENGDESNITT I GRØFT VED AVKØYRSLE



SNITT GJENNOM MIDTLINE I AVKØYRSLE




MINSTEKRAV TIL SIKT I AVKØYRSLE



Omsøkte avkøyrslø



	Avkøyrslø gnr. 28 bnr. 10 - Radøy kommune
	Fv. 409 hp. 2 km 7395
	13.06.2017
	Målestokk 1:500
Statens vegvesen	